

Til  
Statens vegvesen, Vegdirektoratet  
Samferdelsdepartementet  
Samferdelskomiteen i Stortinget

## Nei til vegpakken i Nordhordland

Viser til vedtak om Nordhordlandspakken i Fylkestinget i Hordaland i des. 2014 og i juni 2015. Etter planen skal denne pakken til behandling i Stortinget til våren.

### Brudd på nytteprinsippet

Det vert vist til Stortinget sine retningslinjer for bruk av bompengar i Nasjonal transportplan 2014 – 2023 der det m.a. heiter: *Nytteprinsippet skal ligge til grunn. Det vil si at de som betaler skal ha nytte av det aktuelle veiprojektet det kreves inn penger til.* Prioriteringane i denne vegpakken viser at pengane i hovudsak skal brukast på vegar med låg trafikk og har lite eller ingen relevans i høve til innkrevingspunkta.

Det er sett opp 169 mill.kr til firefelts-veg og ei rundkjøring på E 39 i Knarvik sentrum utan statlege midlar. Men dette er ein stamveg og staten sitt ansvar. Det er plan for tunnel under Knarvik senter, men no har vegkontoret starta opp arbeidet med å finna alternative løysingar. Med nye løysingar og med protestar mot planen er det høgst sannsynleg at denne firefelts vegen ikkje vert bygd i uoverskueleg framtid. Det blir ikkje tunnel av å bruka 20 mill. kr til prosjektering av Knarviktunnelen på Fv 57. Denne tunnelen og Nyborgtunnelen på E 39 i Åsane er ikkje prioritert i pakken og skyvd ut i ei usikker framtid. Dermed får dei mest sentrale områda ingen nye vegprosjekt.

I desse områda er det høg trafikk. Gjennomgangstrafikken og dei som bur i desse områda vil ikkje få nytte av dei prioriterte prosjekta ute i distrikta. Det er også heilt urimeleg at trafikken frå nærområda rundt Knarvik skal betala bompengar for å koma til kommune- og regionsenteret. *Med bomstasjonar på Flatøy, i Isdalstø og ved Mundalsberget er det lagt opp til at trafikantane i den søre delen av Lindås og Frekhaug-området, skal betala mesteparten av bompengane på over 1 milliard kr utan å ha nytte av det.*

### Kommentar

Det kan nok vera nokre gode prosjekt i denne pakken, men dei må politikarane finansiera på ein annan måte.

### Tilråding


*Med dei føreliggande prioriteringane må Nordhordlandspakken avvisast då den bryt med nytteprinsippet i bompengesaker.*

### Aksjonsgrupper

Det ser ut til at politikarane ikkje representerer grasrota i denne saka. I løpet av dei seinaste 10 åra har det vore to aksjonsgrupper som har stått for protestar mot bruk av bompengar. Dette har ført til stort engagement i lokalaviser, over 5000 protestar på facebook, over 5000 underskrifter i ein underskriftskampanje og ei spørjeundersøking i Meland utført av NORFAKTA, viser at 2 av 3 var mot Nordhordlandspakken. Det har også vore fokusert på prinsippet om at omkjøringsvegar må ivaretakast i samband med bompengeprojekt.

Frekhaug 20.01.2016

For aksjonsgruppene:

  
Harald Breivik  
Tlf. 95172141

  
Svein-Atle Engeseth  
Tlf. 99266366